

Meland Kommune
v/ Kamilla Stømsbo Dale
Postboks 79
5906 Frekhaug

Flatøy Bygdelag
co Birthe Ann Larsen
Hjelten 40
5918 Frekhaug

Flatøy 13.11.2018

**Tilbakemelding til Meland Kommune
vedk tildelte kulturmidlar til Flatøy Bygdelag for 2017**

Vi søkte kr 20 000 i kulturmidlar til oppgradering av kjøkken og innkjøp av Steam-maskin, ein type oppvaskmaskin. Vi fekk tildelt kr 12 500.

Flatøy Bygdelag og Meland Kommune hadde eit møte 08.12.2016 der ein starta ein dialog om moglegheita for at bygdelaget kunne overta eigedommen, gbnr. 1/50, og skulebygget på Flatøy når leigekontrakten mellom Flatøy Bygdelag og Meland Kommune gjekk ut 31.12.2017.

Meland Kommune kom med eit tilbod til bygdelaget i januar 2017. Dialogen mellom partane var sporadisk fram til Flatøy Bygdelag kom med ein skriftleg førespurnad om å overta 27.10.2017. Vårhalvåret 2018 var det sporadisk kontakt mellom partane og 20.06.2018 vart det gjort eit kommunestyrevedtak på at Flatøy Bygdelag skulle få overta eigedom og skulebygg til kr 40 000.

Prosessen med kontraktskriving og fullbyrding av ei overtaking har av ulike årsaker gått litt ut i tid og endeleg kontrakt vert signert i november 2018.

Grunna ei uvisse om ei overtaking ville finne stad, utsette Flatøy Bygdelag innkjøp av Steam-maskin og oppjustering av kjøkken i 2017. Det var tiltenkt ein dialog med kommunen om dette, men vi ser no i ettertid at denne diverre aldri vart effektivisert. Dette beklagar vi på det sterkaste. Pengane står framleis på vår konto og vi håper at det kan vere mogleg for oss å nytta dei saman med midlane, kr 30 000, som vi fekk tildelt i kulturmidlar til kjøkken i 2018. Så snart kontrakten for overtakinga er underskriven vil Flatøy bygdelag gå til innkjøp av planlagt kjøkken og Steam-maskin.

Vedlagt ligg årsmeldinga og rekneskapen for 2017. Kvittering for innkjøp knytt til tildelte kulturmidlar for inneverande år blir sendt til kommunen med det same den/dei føreligg.

Vi ber om ein dialog med sakhandsamar om korleis vi skal løyse bruk av kulturmidlar tildelt for 2017.

Mvh

Flatøy Bygdelag
v/ leiar Birthe Ann Larsen